



KOPI

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/177 - 19/30585

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
15.10.2019

Igangsettingsløyve for delar av VA-anlegg - gbnr 188/741 mfl Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 583/19

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS, VA-seksjonen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av delar VA-anlegg. Dei delar det vert søkt igangsettingsløyve for er markert i gult på kart datert 29.04.19 (med endring B 09.10.19), mottatt 09.10.19.

Kommunen har i vedtak av 12.04.19 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til søknad motteken 21.06.19.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Det er ikkje behov for nye ansvarsrettar i for denne igangsettings søknaden, da dei er erklært tidlegare.

Tiltaksplan

Tiltaksplan som er innsendt i saka er godkjent tidlegare i sak 18/3471. Kommunen har vurdert den som dekkande for store delar av godkjent tiltak.

Vi presiserar likevel at tiltakshavar er ansvarlig for at krav i mot forurensning i grunn vert tilfredsstillt, jf. byggtknisk forskrift § 9-3.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd vert det gjeve løyve til igangsetting for delar av VA-anlegg, på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 12.04.19 med vilkår gjeld for tiltaket.



Dei deler det vert gjeve igangsettingsløyve for er markert i gult på kart datert 29.04.19 (med endring B 09.10.19), mottatt 09.10.19.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/177

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Lindås kommune
VA-seksjonen Norconsult AS

Kvernhusmyrane 41 5914
Postboks 1199 5811

ISDALSTØ
BERGEN

Mottakarar:

Norconsult AS, VA-seksjonen

Postboks 1199 5811

BERGEN

KOPPI